



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 11.11.2019
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 14:30 - 17:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
083/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
084/2019	Godkjenning av møtebok
085/2019	Rullering av Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2020
086/2019	2. gangs framlegg til reguleringsplan for Bjørkeneset
087/2019	2. gangs framlegg til reguleringsplan for Nordkvingo småbåthamn
088/2019	Drøfting om flytting av vassverket på Skolten ved Kvinge
089/2019	Referatsak
090/2019	Klage på delegert vedtak om dispensasjon for oppføring av naust m/båtopptrekk, kai og flytebrygge gbnr 17/21
091/2019	Kraftskatteutvalet NOU 2019:16 skattelegging av vasskraft - konsekvensar
092/2019	DIHVA IKS - endring frå IKS til AS
093/2019	Orientering om skifting av tak - Nordbygda skule, Kafeen og Nothuset

083/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

11.11.2019 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

FS - 083/2019 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend.

084/2019: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

11.11.2019 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 084/2019 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

085/2019: Rullering av Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2020

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunen vedtek følgjande handlingsplan for 2020:

A	Ordinære anlegg
1	Rehabilitering friidrettsanlegget, Nordbygda
2	Varmestove Stordalen
3	Turveg Haugsvær- Matre
4	Turveg Amundsbotn- Sandnes barnehage
5	Interkommunal fleirbrukshall
6	Turveg Indre Haugsdal
7	Ryddda og merka samanhengande stigar i fjellområda mellom Andvik og Indre Haugsdal
8	Rehabilitering utandørs skytebane, Fjon skyttarlag
9	Lysløype/turveg på Sleire

B	Nærmiljøanlegg
1	Turstigar på Bakken/Kvingo
2	Dagsturhytte
3	Ballbinge ved Skjelsundet
4	Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg
5	Miniatyrskyttebane Nordbygda
6	Vidare utvikling av nærmiljøanlegg, Sandnes skule
7	Orienteringskart ved skulane

11.11.2019 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyre.

FS - 085/2019 VEDTAK:

Kommunen vedtek følgjande handlingsplan for 2020:

A	Ordinære anlegg
1	Rehabilitering friidrettsanlegget, Nordbygda
2	Varmestove Stordalen
3	Turveg Haugsvær- Matre
4	Turveg Amundsbotn- Sandnes barnehage
5	Interkommunal fleirbrukshall
6	Turveg Indre Haugsdal
7	Ryddda og merka samanhengande stigar i fjellområda mellom Andvik og Indre Haugsdal
8	Rehabilitering utandørs skytebane, Fjon

	skyttarlag
9	Lysløype/turveg på Sleire

B	Nærmiljøanlegg
1	Turstigar på Bakken/Kvingo
2	Dagsturhytte
3	Ballbinge ved Skjelsundet
4	Turløype ved Nordbygda idrettsanlegg
5	Miniatyrskytebane Nordbygda
6	Vidare utvikling av nærmiljøanlegg, Sandnes skule
7	Orienteringskart ved skulane

086/2019: 2. gangs framlegg til reguleringsplan for Bjørkeneset

Rådmannen sitt framlegg:

Reguleringsplan for Bjørkeneset vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 godkjent.

Det vert vist til reviderte plandokument dagsett 23.01.2019.

11.11.2019 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyre.

FS - 086/2019 VEDTAK:

Reguleringsplan for Bjørkeneset vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 godkjent.

Det vert vist til reviderte plandokument dagsett 23.01.2019.

087/2019: 2. gangs framlegg til reguleringsplan for Nordkvingo småbåthamn

Rådmannen sitt framlegg:

Reguleringsplan for Norkvingo småbåthamn vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 godkjent.

Det vert vist til reviderte plandokument med revidert plankart dagsett 14.08.2019 og illustrasjonsplan dagsett 14.08.2019, samt reviderte føresegner dagsett 31.07.2019.

11.11.2019 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyre.

FS - 087/2019 VEDTAK:

Reguleringsplan for Norkvingo småbåthamn vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 godkjent.

Det vert vist til reviderte plandokument med revidert plankart dagsett 14.08.2019 og illustrasjonsplan dagsett 14.08.2019, samt reviderte føresegner dagsett 31.07.2019.

088/2019: Drøfting om flytting av vassverket på Skolten ved Kvinge

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert drøfta.

11.11.2019 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møte:

Formannskapet gir rådmannen fullmakt til å gjennomføre boring etter vatn for inntil kr 200.000,-

Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart samrøystes vedteke.

FS - 088/2019 VEDTAK:

Formannskapet gir rådmannen fullmakt til å gjennomføre boring etter vatn for inntil kr 200.000,-

089/2019: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

11.11.2019 FORMANNSKAPET

Referatsaker:

Skriv 1: Utbetaling fra Havbruksfondet - 2019

Skriv 2: Skatt t.o.m oktober

Skriv 3: Åpenhetsråd til politisk ledelse i kommunen

Skriv 4: Protokoll Regionråd 2-2010, fredag 25.oktober

Skriv 5: Sammenslåing av 110-sentralene i Florø og Bergen - korrigert

Skriv 6: Handsaming av budsjett og økonomiplan - innsending til Fylkesmannen

Rådmannen orienterte om at ein vel og sende inn budsjettet slik det no er utarbeidd etter gamal kommunelov og så tar ein dei justeringane som må til etter ny kommunelov i salderingssaka. Formannskapet slutta seg samla til dette.

Orientering frå ordførar:

- Ordførar orienterte om at ein planlegg eit felles strategimøte med formanskapa i Masfjorden, Gulen og GMU 16.nov

Orientering frå rådmannen:

- Det er løyvd 1,5 mill til punktutbetring på Austfjordvegen

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 089/2019 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

090/2019: Klage på delegert vedtak om dispensasjon for oppføring av naust m/båtopptrekk, kai og flytebrygge gbnr 17/21

Rådmannen sitt framlegg:

Klage datert 16.10.2019 vert ikkje teke til følgje. Det vert vist til delegert vedtak datert 04.10.2019 og rådmannen sine vurderingar under. Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9 sendt over til endeleg klagevurdering hjå Fylkesmannen i Vestland.

11.11.2019 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Erlend Kvamsdal (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Klage på delegert vedtak 132/2019 datert 04.10.19 - Søknad om dispensasjon for oppføring av naust med båtopptrekk, kai og flytebrygge grn 17 bnr 21 - vert tatt til fylgje og dispensasjon vert gitt for tiltaket. Heimel er Plan- og bygningslova § 19.2 og kommuneplan 2018-2030.

Grunngjeving:

Formannskapet forstår at administrasjonen har utøvd ei «føre var» haldning til søknaden, men finn ikkje det korrekt at det er overvekt av moment som talar for avslag på søknaden, slik det delegerte vedtaket/avslaget er tufta på.

Derimot er det overvekt av moment som talar for å gje dispensasjon for tiltaket slik det føreligg i søknaden:

- Masfjorden kommune ga løyve til naust på same stad og same tiltakshavar 30.01.2001, den gang på Bra 10 m2 større enn søknaden no omfattar.
- Tiltaket vart ikkje ført opp den gong av helsemessige årsaker (ref. klagen) og fremja no i ny søknad i 2019.
- Det er gitt løyver til oppføring av naust både på nabotomt sør for og nord for g.nr. 17/21 på øya Halsøy.
- På same måte som oppført naust på nabotomt i sør er godt skjerma av terrenget, synes byggjesøknad å ivareta naturinngrep på ein god måte også i dette tilfellet. (vedlagt fotomontasje)
- Funksjonell strandsone er «ikkje funksjonell» på staden. Terrenget vert ikkje nytta for allmenn ferdsel hverken frå land eller sjø pga. bratt og ulendt terreng. (vedlagt fotomontasje)
- Det er nausynt med kai/brygge slik søknaden omfattar for å få ein trygg adkomst til sjø og båt. (vedlagt fotomontasje)
- Kartlegging av områder med strandsoneverdiar i Masfjorden stoppar for dette området ca. 500 m sør for tiltaket på øya Halsøy.
- Hekking av sårbare fuglearatar er ikkje lokalisert på staden, men på holmar og skjer i området (ref. Fylkesmannen sin omtale i saka).
- Gjeldande planstrategi for Masfjorden kommune legg opp til fortetting av naustområder framfor spreining av slike tiltak, men finn det naudsynt å bruke dispensasjonsinstituttet for å ivareta lokaliseringa av slike tiltak.

Der heiter det:

Masfjorden kommune har eit mål om at god kommuneplanlegging skal redusera talet på

dispensasjonar. Men i dette arbeidet ser me også at me må ha spørsmålet om detaljnivå i kommuneplanlegginga for auge. I dei små grendene våre med få husstandar kan det vera tale om innspel for 1 hus eller 1 naust, ofte knytt til alt bebygd område eller landbruk Masfjorden kommune innser det er vanskeleg å planleggja for alle ønskjer som vil komma i planperioden. Ein må difor nytta dispensasjonsinstituttet basert i tråd med intensjonane i lovverket når søknader/ behov for arealendringar melder seg som ikkje er i samsvar med kommuneplanen.

Det er gitt relativt få dispensasjonar til naust i Masfjorden dei seinare åra. Dei fleste nausta er lagt til regulerte områder gjennom arealplanlegginga.

Framlegg frå H sett fram i møte vart samrøystes vedteke.

FS - 090/2019 VEDTAK:

Klage på delegert vedtak 132/2019 datert 04.10.19 - Søknad om dispensasjon for oppføring av naust med båtopptrekk, kai og flytebrygge grn 17 bnr 21 - vert tatt til fylgje og dispensasjon vert gitt for tiltaket. Heimel er Plan- og bygningslova § 19.2 og kommuneplan 2018-2030.

Grunngjeving:

Formannskapet forstår at administrasjonen har utøvd ei «føre var» haldning til søknaden, men finn ikkje det korrekt at det er overvekt av moment som talar for avslag på søknaden, slik det delegerte vedtaket/avslaget er tufta på.

Derimot er det overvekt av moment som talar for å gje dispensasjon for tiltaket slik det føreligg i søknaden:

- Masfjorden kommune ga løyve til naust på same stad og same tiltakshavar 30.01.2001, den gang på Bra 10 m² større enn søknaden no omfattar.
- Tiltaket vart ikkje ført opp den gong av helsemessige årsaker (ref. klagen) og fremja no i ny søknad i 2019.
- Det er gitt løyver til oppføring av naust både på nabotomt sør for og nord for g.nr. 17/21 på øya Halsøy.
- På same måte som oppført naust på nabotomt i sør er godt skjerma av terrenget, synes byggjesøknad å ivareta naturinngrep på ein god måte også i dette tilfellet. (vedlagt fotomontasje)
- Funksjonell strandsone er «ikkje funksjonell» på staden. Terrenget vert ikkje nytta for allmenn ferdsel hverken frå land eller sjø pga. bratt og ulendt terreng. (vedlagt fotomontasje)
- Det er nausynt med kai/brygge slik søknaden omfattar for å få ein trygg adkomst til sjø og båt. (vedlagt fotomontasje)
- Kartlegging av områder med strandsoneverdiar i Masfjorden stoppar for dette området ca. 500 m sør for tiltaket på øya Halsøy.
- Hekking av sårbare fuglearatar er ikkje lokalisert på staden, men på holmar og skjer i området (ref. Fylkesmannen sin omtale i saka).
- Gjeldande planstrategi for Masfjorden kommune legg opp til fortetting av naustområder framfor spreing av slike tiltak, men finn det naudsynt å bruke dispensasjonsinstituttet for å ivareta lokaliseringa av slike tiltak.

Der heiter det:

Masfjorden kommune har eit mål om at god kommuneplanlegging skal redusera talet på dispensasjonar. Men i dette arbeidet ser me også at me må ha spørsmålet om detaljnivå i kommuneplanlegginga for auge. I dei små grendene våre med få husstandar kan det vera tale om innspel for 1 hus eller 1 naust, ofte knytt til alt

bebygd område eller landbruk Masfjorden kommune innser det er vanskeleg å planleggja for alle ønskjer som vil komma i planperioden. Ein må difor nytta dispensasjonsinstituttet basert i tråd med intensjonane i lovverket når søknader/ behov for arealendringar melder seg som ikkje er i samsvar med kommuneplanen.

Det er gitt relativt få dispensasjonar til naust i Masfjorden dei seinare åra. Dei fleste nausta er lagt til regulerte områder gjennom arealplanlegginga.

091/2019: Kraftskatteutvalet NOU 2019:16 skattelegging av vasskraft - konsekvensar

Rådmannen sitt framlegg:

Førebels kartlegging av konsekvensar av NOU 2019:16 vert drøfta i formannskapet 11.11.19, samt vegen vidare mot høyringsuttale – og politisk mobilisering i saka.

11.11.2019 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møte:

- Ordførar og rådmannen får fullmakt til å sende den endeleg uttalen frå Masfjorden kommune tett opptil høyringsfristen.

Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart samrøystes tilrådd til kommunestyre.

FS - 091/2019 VEDTAK:

Ordførar og rådmannen får fullmakt til å sende den endeleg uttalen frå Masfjorden kommune tett opptil høyringsfristen.

092/2019: DIHVA IKS - endring frå IKS til AS

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune vedtek å delta i stiftinga av Vannvest AS. Rådmannen får fullmakt til å peike ut kven som skal representere kommunen på stiftingsmøtet.

Masfjorden kommune vedtek å tre ut av Driftsassistansen i Hordaland -Vann og Avløp IKS med verknad frå 01.09.20. Dersom stifting av nytt Vannvest AS skjer etter 01.11.19, vert tidspunkt for å tre ut av IKS-et tilsvarande endra.

Masfjorden kommune vedtek å yte eit ansvarlig lån til Vannvest AS tilsvarande kr 5 pr. innbyggjar pr. 01.01.19.

11.11.2019 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyre.

FS - 092/2019 VEDTAK:

Masfjorden kommune vedtek å delta i stiftinga av Vannvest AS. Rådmannen får fullmakt til å peike ut kven som skal representere kommunen på stiftingsmøtet.

Masfjorden kommune vedtek å tre ut av Driftsassistansen i Hordaland -Vann og Avløp IKS med verknad frå 01.09.20. Dersom stifting av nytt Vannvest AS skjer etter 01.11.19, vert tidspunkt for å tre ut av IKS-et tilsvarande endra.

Masfjorden kommune vedtek å yte eit ansvarlig lån til Vannvest AS tilsvarande kr 5 pr. innbyggjar pr. 01.01.19.

093/2019: Orientering om skifting av tak - Nordbygda skule, Kafeen og Nothuset

Rådmannen sitt framlegg:

11.11.2019 FORMANNSKAPET

Teknisk sjef Roald Kvingedal møtte til denne saka og orienterte.

Formannskapet bad om at det vart utarbeidd sak om investeringsprosjekt på kommunale bygg 2019 / 2020 til kommunestyret.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møte:

- Orienteringa om investeringsprosjekt på kommunale bygg 2019 / 2020 vart tatt til vitring.

Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart samrøystes vedteke.

FS - 093/2019 VEDTAK:

Orienteringa om investeringsprosjekt på kommunale bygg 2019 / 2020 vart tatt til vitring.

Rett utskrift frå møteboka frå formannskapet 11.11.19 vert vitna:

Karstein Totland
ordførar

Torill Torsvik Størkensen
varaordførar